



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

Avdeling for Mediefag / Media Department

hivolda.no | T: 70 07 50 00 | F: 70 07 50 51

P.B. 500 | 6101 Volda



## Nyhendefoto med mobilkamera

Tekst og foto | Gaute Hareide, Volda 2018

<b>Forfatter</b>	Gaute Hareide
<b>Utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>År</b>	2018
<b>Serie</b>	Andre skrifter
<b>ISBN</b>	978-82-7661-335-3
<b>Sats</b>	Forfatter
<b>Distribusjon</b>	Bibsys Brage

Framsidedbildet viser ei øving ved Høgskulen i Volda. Journaliststudentar prøver seg på å “go live” frå ei simulert utforkøyring.

På følgjande sider finn du ein serie scener frå det vår heimlege mediebransje gjerne kallar “hendingar”. Nemninga femner om ting som oppstår spontant og som dermed må dekkast “på sparket”. Bilder er ferskvare og må takast av den som først kan kome seg til staden. Kvalitet er mindre viktig. I mi frilansar-tid stod kameraet alltid med tom videokasset og fullt batteri, klart til uttrykking. Tid var avgjerande, då som no.

Formålet med dette heftet er å bidra til å førebu unge journalistspirer på kva dei kan kome borti, og korleis dei kan løyse oppgåva best mulig med det eine verktøyet dei alltid har med seg: Mobilkameraet.

Tekniske sider ved mobilen som stillkamera er omhandla i hefte om reportasje med mobil, og omsyn ein lyt ta ved portrettfoto er omhandla i hefte for det.

Eit særleg omsyn ved rapportering frå hendingar er at dei ofte er dramatiske, og at folk ein møter derfor er i ubalanse. Dette må alle journalistar ta omsyn til. Vanleg folkeskikk er alltid på sin plass, men når ein nærmar seg ein stad der folk kan vere skada og liv kan ha gått tapt er det avgjerande at ein er klar over at folk er stressa, og oppfører seg i tråd med det.

Media si oppgåve er viktig. Vi har som regel rett til å få vite og vi har som regel ei plikt til å rapportere, så presist og korrekt som vi evner.

Men når huset brenn eller trafikkoffer blør finst det oppgåver som er viktigare. Det hender at kameraet bør vente til seianare. Vi skal også vite at vi ikkje har rett til å utsetje oss sjølv eller andre for fare. Ver varsam og vis respekt!

-----  
Dette heftet er laga for undervisning på Avdeling for Mediefag ved Høgskulen i Volda, og er ikkje godkjent for distribusjon eller bruk ut over det. Eventuelle spørsmål, innspel eller klager kan rettast til forfattaren.

Takk til Hans Martin Dypvik, Steinar Høydal og Turid Øvrebø for gjennomsyn og kloke kommentarar til tekst og bilder.

Enkelte avbilda personar har eg ikkje klart å kome i kontakt med i samband med produksjonen. Om nokon av desse i dag ikkje ynskjer å vere representert i ein publikasjon som denne vil eg gjerne ha beskjed.

Utvalet er henta frå mitt arkiv av stillbilder og video gjennom mange år. Bildekvaliteten ber preg av det, særleg der det er tale om video frå tretti år tilbake i tid. Til gjengjeld er alle bilder (med eitt unntak frå NRK) mine, så eg slepp spørje fotografen om lov til å bruke dei.

Volda, august 2018


Gaute Hareide  
Fotografmester/høgskulelektor





Hendingsreportasjer gjeld ulike tildragelsar som oppstår uventa og må dekkast spontant. Vi talar gjerne om “dagshendingar” av “almenn interesse”. Det dreiar seg ofte om utforkøyning eller flaum eller havsnaud eller storm eller liknande, og det handlar ofte om dramatik; men ikkje alltid.





Det kan vere nok at det er noko uvanleg som har skjedd, eller i alle fall at det er lenge sidan sist.

I dette høvet var det kraftig snøfall på feil årstid som var saka. Bilar hadde sigla av vegen på sommardekka sine, folk hadde ikkje kome seg på jobb, og på campingplassen i Austefjorden hadde snøtyngda pressa ned nokre fortelt.

Ein av plassleigarane var i full sving med opprydding då eg kom. Han kom til syne midt i opningsbildet kort etter anslaget, og var villig til å prate.

Intervjuet er gjort med snørik campingplass i bakgrunnen. Ved intervju kan ein gjerne inkludere relevant omgjevnad, så lenge den ikkje er forstyrrende. Er den det bør ein velje meir nøytral bakgrunn. Personen bør ikkje plasserast midt i bildet, og har vi meir enn eitt intervju bør ansikta vende kvar sin veg.

Snakkefjes blir fort lite interessant å sjå på, så pass på ta scener som kan nyttast som innklipp og slutt. Opningsscena er gjerne ei oversikt over stoda, som her. Desse råda gjeld både stillbilder og video.





Brann er alltid ei sak for media, sjølv i tilfeller med moderate skader. "Lausvarme" som min bestefar kalla det, er vi redde for med god grunn. Vi treng påminning om varsemnd og førebygging.

I dette høvet var det både personskader og store materielle skader. Dessutan var det sjølve Volda Brannstasjon som brann, noko mange fann ekstra interessant. Volda har eit dyktig brannkorps, men sjølv det er ikkje til hinder for feil med konsekvensar.

Bildet over definerer staden medan bildet til venstre er meir dramatisk. Han på toppen er meir utsett enn ynskjeleg. På neste side har vi utsnitt av bilde (brannmann med øks), mediedekninga er behørig presentert og tre vannstrålar er i sving samstundes. For print og nett treng vi bilder i både høgde- og breiddeformat, i ulike utsnitt og frå ulike ståstader. For TV/video treng vi folk som drar på slangar, økser som hogg, vannstrålar som sveipar over varmen. Og folk som ser på.








Ved brann, som i andre saker, bør ein både ha oversiktsbilder og tettare utsnitt.

Med mobilkamera kan dette siste vere vanskeleg å få til, sidan ein ikkje kan rekne med å få kome særleg nær og som regel heller ikkje bør prøve. Mobilen er også utstyrt med vidvinkel eller normalzoom, ikkje tele. Det er mulig å gjere litt med “digital zoom”. Eit mobilkamera i dag har gjerne minst 12 megapixlar, altså 12 millionar punkt. Strengt tatt treng vi berre 2 millionar, så for den del kan vi “zooome” digitalt, altså forstørre eit utsnitt tilsvarende 1/3 - 1/5 av bildet før det blir kritisk dårleg med detaljar, avhengig av mobiltype.

Til samanlikning: Saka på neste side vart dekt med analog Betacam PAL video, med berre 0,2 megapixlar effektivt. Andre forhold spelar sjølvstøtt også inn, som lyset, kontrast, objektivet sin kvalitet etc., men som regel har vi litt å gå på.

Enda viktigare, sjå alltid rundt etter andre ting enn hovudmotivet. I bildet til venstre er brannbilen spesielt interessant. Den er frå 1936, og sjølv i 1978 var det ein gammal bil. Her står den og ryk omkapp med huset bak, så bildet støtta opp under brannkorpset sitt krav om ny brannbil. Som dei fekk. Noko seinare.





Ofte er brannen over når ein kjem fram.

Det ein ser og kan formidle er ruinar og kanskje ei rykande branntomt.

Ein politimann kan fortelje kva som hende.

Detaljar kan skape assosiasjonar til den eller dei som vart råka.

Formålet er, som nemnt, å minne om varsemd og førebygging.









Nokre gongar er ein tidleg på staden, før brannen har fått skikkelig feste. Då har ein tid til å orientere seg og konsentrere seg om det ein meiner er viktig.

Herøy kyrkje brann til grunnen andre juledag 1999. Eg vart varsla kort etter midnatt og kom til staden medan brannen enno var avgrensa til kjellaren. Eg innsåg etter kvart at bygget var fortapt og at tårnet ville falle inn mot kyrkjeskipet på eit eller anna tidspunkt. Dermed fann eg ein posisjon der eg kunne dokumentare dette med videokameraet mitt, og venta der. Etter drygt ein time såg eg to brannmenn kome inn mot kyrkjeveggen for å dra ut slangar, innanfor fallradien til tårnet som no var faretruande ustabil. Eg zooma inn på dei to, med eine auget i søkaren og det andre på bygget, og zooma kjapt ut i det tårnet fall. Heldigvis fall det rakt inn i kyrkjeskipet. Hadde det svikta litt meir mot mi side kunne det gått ille med dei to, heldigvis skjedde ikkje det. Detaljen med desse to er sjølvstapt lite relevant for dekning med mobilkamera, men eg nemner den som døme på korleis du kan førebu deg på noko du må rekne med vil skje, og som du ser som viktig å få med i forteljninga.

Dei øvrige scener og intervju var det rikeleg med tid til å ta seinare.







Er du mellom dei første som kjem til ein skadestad, er to ting viktige. Først: Forsikre deg om at skaden er varsla. Deretter: Forsikre deg om at alle som treng hjelp får det. Om naudsynt; av deg. Bilder er mindre viktig enn liv og helse.

Er hjelpa allerereie på plass, skal du presentere deg og be om å få snakke med skadestadsleiaren (grøn vest oppe til venstre). Vedkomande som held vakt ved inngangen til området skal då vise deg vidare straks det er råd. Du har rett til å gjere jobben din, men ikkje til å forstyrre bergingsarbeidet, så om du blir bedt om å vente gjer du det. Gi aldri inntrykk av at du ikkje rettar deg etter ordre.

Det vi treng er bilder som viser skadeomfang. Slikt kan verke avskrekkande og bidra til at nokre senkar farta ei stund. Vidare treng vi oversiktsbilder med t.d. bremsespor som kan antyde forløpet, og det kan vere bra med bilder som viser noko av bergingsarbeidedet. Helikopter under landing i trengt posisjon er sjølvstøtt å få med seg, men ver merksam på at både småstein og glasbitar kan kome flygande i orkanen frå rotorane, så bruk briller eller sjå vekk.

Skade på synet er ikkje noko å trakte etter, aller minst for fotografar.





Har vi høve til å bevege oss litt rundt, bør vi prøve å få oversiktsbilder frå begge sider. Bremsepora kan fortelje mykje om fart og plassering i vegbana, det vi ser her er ikkje noko unntak.

Fjerning av vrak er ein operasjon vi som regel får høve til å filme og fotografere om vi kjem fram i tide, og som ofte er rikeleg dekkande for det behovet vi har; å rapportere visuelt om noko trist og tragisk.

Som regel vil berre eit bilde bli brukt, eller ei videoscene på nokre få sekund, kanskje saman med ein utale frå skadestadsleiar eller vitne. Men redaksjonen bør få litt å velje mellom, og bilder er noko som berre kan skaffast der og då.

Det som er vist her er bilder eg fekk ved å bevege meg sakte rundt i området, heile tida med auge på kva som skjedde ved vraka og sjukebilen, og med full merksemd på kva bergingsmannskapa syntes om oppførselen min.

På førehand hadde eg sjølvsagt snakka med skadestadsleiaren, presentert meg og forklart kva eg ville med denne fotograferinga.







Ulukker, uansett type, årsak eller utfall er alltid saker som må handterast med varsemd. Det finst tilfelle med uventa heldig utfall, men sjølv desse inneber perioder med spenning og uvisse der folk er sårbare og ikkje bør utsetjast for unødige press.

Dette inkluderer bergingsmannskapa. Dei har erfaring med trasige ting frå før, men dei er ikkje immune. Nokre gongar må dei ta seg ekstra saman. I tilfellet over opplevde ein politimann at ein ungdom han kjende vart kvesta for livet. Der og då var det hardt for han å akseptere at eg skulle ha filmopptak og rapportere frå hendinga, og ekstra viktig at eg viste medkjensle.

Det finst ei haldning mellom både politi, brannfolk og ambulansespersonell, at mediefolk er gribbar som fråtsar i sorg og elende. "Smi mens liket er varmt" er ein visetittel frå Øystein Sunde som spelar på denne oppfatninga. Haldninga finst i den grad at eg har opplevd å ha med studentar på ei katastrofeøving der ei målsetjing frå leiinga viste seg å vere trening på å halde media totalt utanfor.

Resultatet av dette vart at to av studentane tjuvlånte bilen min, tok seg uløyves





gjennom ei sperring og inn på forbode område, og kom seg utatt med bilder. Frå mi side vanka det forståing for det; dette var ei øving og studentane si handling gav god illustrasjon på kva som skjer når ein part vert urimeleg behandla. Vi har ei plikt til å rapportere og derfor også rett til å bli informert.

Likevel: Når vi nærmar oss ein skadestad skal vi vere veldig klare over at vi vil møte folk i ubalanse, både offer og bergingsmannskap. Kom aldri springande med kameraet opp i nasa på folk. Og for all del: Aldri med tent sigarett nær eit velta bilvrak! (Dette var nok eit større problem før, men bør likevel nemnast.)

Finn den ansvarlege og presenter deg. Du har rett til vere der, men ikkje over alt alltid. Vis respekt og medkjensle. Innanfor det skal du registrere alt du kan. Kva som kan brukast blir avgjort etterpå. Scena til høgre her vart aldri brukt. Sjølv om vi ikkje ser det ligg det framleis døde i vegbana.

Ved første høve: Ta eit kurs i førstehjelp og brannvern og slike ting. Sjølv om du aldri får bruk for det gir det kunnskap om ting du *ikkje* skal gjere på ein skadestad. Slikt merkest, og gjer bergingsmannskapa meir trygge på deg.







Ikkje alle saker er like dramatiske, sjølv om dei ser dramatiske ut. Saka her dreiar seg om ein familie som velta på fisketur og kom seg i land med skrubbsår og skrekk. Nokså heldige, med andre ord. Minstebarnet vart sendt til sjukehus for sjekk grunna mulig nedkjøling, det var alt. Alt i alt ei grei historie om ei hending som kunne vorte verre enn den vart.

Tilfellet sette for øvrig ein slags rekord. Saka var på lufta frå Bergen 13 minutt etter at kassetten vart levert frå hurtigbåten i Ålesund. Dette var i den analoge tidsalder, må vite, då alt var på tape og det meste måtte flyttast fysisk.

Saka på neste side gjekk også problemfritt av seg. Som fersk frilansar for TV2 vart eg litt stolt over å kome NRK i forkjøpet. Statskanalen var i full sving med flygeleinga i tårnet då eg kom fram, så eg stakk innom pauseromet til mekanikarane. Der sat flyhavarikommisjonen og fekk seg kaffi, og eg fekk intervju.

Flyet fekk små skader og ingen personar fekk seg meir enn ein kipp, så også dette var meir kuriosa enn drama. Årsaka til at flyet fauk av rullebana veit eg enno ikkje om dei fann ut av.










For mange år sidan vart ein ung spekkhoggar forelska i ei ferge. Ferga heitte Voksa. Ho gjekk i rute ein stad på norskekysten og sette pris på merksemnda frå denne sprelske krabaten. Det gjekk som det måtte gå. Forholdet hadde ikkje framtida for seg. Etter nokre veker var romansen over og spekkhoggaren drog sørover til nye eventyr i Danmark. Der enda han sine dagar til stor sorg for mange. Ferga heldt ut nokre år til. Så drog ho også sørover, og vest til Karibien. Der er ho enno. Om ho saknar vennen sin veit berre ferga sjølv.







Scener som dette *må* fangast på video. Så også her, men ikkje med mobil. Den gongen var mobilar dyre monstermaskiner du berre kunne prate i.

Spekkhoggaren hoppa helst omlag midtskips. Der kunne han berre filmast ovanfrå, men frå ei luke i skutesida kom eg lavt ned og tett på. Eg sikra meg med eit solid tau og gode speidarknutar. Sikring er som nemnt viktig.

Eg sette nok personleg sjaarrekord med desse scenene. Dei gjekk verda rundt. Men dette var den tida NRK sette si ære i å ikkje krediterte fotografar, så det fekk ingen vite. Ikkje var det lønsamt heller. Men *spennande* var det.










Kameraposisjonen er som regel avgjerande for resultatet, særleg når skip går på grunn og du er på land. Ein god reporter bør derfor ha minst eit par vener med båt og høve til å stille opp. Her som elles gjekk den viktigste delen av jobben ut på å kome seg i posisjon, og sidan eg hadde kontakter med båt og tid gjekk det rett så bra. Andre gongar er einaste råda å legge i veg til fots over utmark og bergrabbar, så ha alltid gode sko liggande i bilen.

Ei fineversgrunnstøting som denne utan andre skader enn såra sjølvkjensle og riper i lakken gav grunnlag for smått lystige kommentarar frå kjentfolk. Slikt kan vere freistande, særleg når målskiva er uniformerte marineoffiserar og leia er tydeleg merka på alle kart.

Det vesle faktum at dei hadde dykkarar ute då vi kom, utan dykkerflagg oppe, vart sjølvsaugt også notert.

I tilfeller som dette går vi så nær vi kan med ein gong og tar oversiktsbilder etterpå. Det kan jo hende nokon blir fornærma og vil ha oss på avstand. Det er ikkje alltid det er lurt å spørje først.





## "Berit" kasta seg over reporteren



Annan dramatik vi gjerne rapporterer frå er storm, men her er det lite rom for mobilkamera og stort rom for åtvaring. Storbåra bør filmast på avstand. Unntaka kan vere når vinden har løya og verknaden vert synleg.

Oppe ser vi vegen til Runde og drivhuset i Goksøyra. Eg hadde då studert bølgemønsteret ein halv times tid før eg køyrde over brua, og visste at eg hadde dryge to minutt før neste sjø skvalpa over nedste delen. Begge bilder er tekne frå bilen, i trygg posisjon, og kunne vore tatt med mobilkamera.

Skjermdumpen til venstre er frå ein reportasje eg meiner viser dårleg skjønn, og som ein bør unngå. Det å gå så nær som dette viser manglande respekt for naturkreftene. Vi har hatt nok av folk som ikkje lever lenger etter å ha undervurdert krafta i ein brottsjø.

For å sitere tidlegare medlem i Kringkastingsrådet Ketil Jarl Halse: " Dette kunne NRK reservert for julebordet!"

"Berit"-foto: Remi Sagen, NRK






Naturkatastrofer som springflo og orkan kan minne oss om at vi framleis er små og sårbare, og kan knusast til pinneved når veret legg vrangside til. Bilder som illustrerer slikt vil alltid trenge ein målestokk, noko å samanlikne med. Ting som til dømes at havet står inn over dørstokken, eller at ei sjøbud ligg samanknurva på berget eller flatt ned i fjøra.












På forrige side ser vi scener frå då ein båt sjøsette seg sjølv. Slikt skal ikkje skje. Utruleg nok fekk ingen alvorlege fysiske skader, sjølv ikkje dei som måtte trenge seg ut av ei luke under båten medan den var i fart ned slippen.

Eg fekk fanga eit glimt av årsaka til ulukka før verftet rakk å dekke den til. Dette sidan eg hadde verneutstyr i bilen, var kjend på staden og kjapt kunne kome meg fram til der eg ante årsaka låg. Dermed slapp ein spekulasjonar.

-----  
Stundom kan ei kjensle av drama formidlast utan at noko dramatisk har hendt. Ikkje eit sandkorn ramla ned då politikarar var på synfaring i Austefjorden, men ein rasekspert som kikar opp brattveggen, ein som peikar ut bussvinduet og ein som ser mot rasoverbygget er med på å sette agenda.

Eg fekk også med ei scene der bussen stansa, og der mektige menn på veg ut av bussen kjapt vart jaga innatt av vegdirektøren fordi rasfaren var for stor til å stoppe. Det gjeld altså å vere skotklar på jobb. Kva verknad dette innslaget i reportasjen hadde skal vere usagt, men det vart kommentert, og arbeidet med fullføring av tunnelen gjennom Rotsethornet starta opp to år etter.







Nok ein gong: Hendingar treng ikkje vere dramatiske for å vere interessante.

Over til venstre feirar kvinner frå Britisk Somaliland nasjonaldagen sin utanfor Parlamentet i London, og ei av dei er opprømt nok til å smile til kamera.

Over blir eit gammalt hus i Volda fagmessig fjerna i tråd med nye reglar om kjeldesortering og miljøvern. Kameraplasseringa gir kloa på gravemaskina dominerande plass samstundes som vi ser operatøren, men mobilkameraet reagerte akkurat litt for treigt til å fange plankebiten i lufta.

Til venstre er seminardeltakande VG-fotografar på fotodokumentarfestival i Fredrikstad i ferd med dagens konkurranse. Som ein ser er profesjonelle, til dels høgt premierte fotografar stadig opptekne av å øve seg - også med noko så enkelt som eit mobilkamera,






Ei lita påminning til slutt om det som vart nemnt innleiingsvis og midtvegs: Ved første aning om at nokon kan trenge hjelp droppar vi fotograferinga og sjekkar ut stoda.

Her kom førstemann seg fint i veg, men andremann misste oppdrifta og gjekk i bakken. Det første eg gjorde då var sjølv sagt å kome meg ned til han. Alt var i orden, heldigvis, men det visste eg ikkje før då. Sjølv eit relativt lite fall som dette kan gje skader, særleg når ein landar i ei steinur.

Denne gongen fekk han heldigvis berre ein bomtur, og ein del grubling på kva som var årsaka. I den prosessen kom også mine bilder til hjelp. Det er hyggelig å kunne vere til nytte, av og til.









## Live med mobil.

Dette bildet (som framsida til dette heftet) er frå ei øving vestfor Strøm-bygget ved Høgskulen i Volda. Bilen skal simulere ei utforkøyring med full stopp i ein trestamme. (Treet vart ikkje skada ved samanstøyten.)

Formålet var å gje studentane ei “hending”, som dei kunne øve på å rapportere direkte frå via mobilen. “Go live”, er det gjengse uttrykket, og noko reportarar skal vere i stand til.

Normalt skjer dette planlagt, med fotograf og utstyr og tid til førebuing mentalt og praktisk. Når du må sende direkte frå mobilen har du ikkje desse fordelane. Du gjere alt aleine, og du har mest truleg ikkje gjort det før - i alle fall ikkje frå ein reell, dramatisk situasjon. I tillegg er du truleg påverka av situasjonen, som gjerne er dramatisk. Det kan altså vere lurt å øve seg innimellom, på trivielle saker innan den næraste omgangskrinsen. Der får du kanskje også ærleg respons på om du gjer det bra eller ikkje.

Det du treng er ein mobil med laus mikrofon og aller helst ei selfie-stang eller eit stativ. Idealet er at kameraet kjem ein meter eller så unna reportaren, slik at ansiktet fyller mindre enn ein tredjedel av skjermen. Resten av skjermbildet bør vere oversikt over situasjonen bak deg, slik at skjermen fungerer som eit vindu inn mot ei hending der du fortel kva som har skjedd og skjer der og då.

Direkte sending frå mobil stiller same krav som annan presentasjon, sjølv om krava ikkje er fullt så bastante. Sjekk din eigen framtoning før sending. Du treng ikkje vere styla og sminka, men det er fint om sennepen frå pølsa du just stappa i deg er tørka vekk frå fjeset. Byt gjerne ut skrikande klesplagg med noko meir nøytralt om du kan, men dropp ikkje sendinga av mangel på slips.

Mikrofonen bør vere nær munnen, men helst litt nedanfor eller til sida. Det gjer den mindre sårbar for kraftig utpust, som kan høyrast. Still deg i le for kraftig vind om du kan, men ikkje slik at du skjuler det som skjer.

Lysforholda bør vere dei same for reportaren og hovudmotivet, ellers blir den eine eller andre delen for mørk eller for lys. Begge deler blir feil. *Må* det bli feil, er heller ikkje det grunn til å droppe saka.

Ver særns merksam på at det ikkje er du som er interessant i slike saker. “*Jeg står her nå*” er ei dårleg opning, det ser vi at du gjer. Start med kva som har skjedd, kvar det skjedde og når. Ta resten derifrå, alt etter kva saka gjeld.

Radiofolk må vere litt meir beskrivande, her må bildet skapast med ord. Slike bilder blir gjerne dei beste, om reportaren er dyktig.

## Ting å huske på:

Oppgåva di er å rapportere fakta så presist og nøytralt som råd. Du er våre auge og øyrer på staden, og vi opplever saka gjennom deg.

Sjå rett i kamera, då ser du rett ut av skjermen og rett i augene på sjåarane. Det gir kontakt. Flakkande blick er ikkje bra. Start med ei setning du har øvd på, og som inneheld det viktigaste. Deretter fyller du på med informasjon. Pass på å bruke stor bokstav og punktum: Det skal vere litt opphald mellom setningane.

Slepp gjerne til eit intervjuobjekt i sendinga, t.d. eit augevitne, og de kan gjerne øve litt på dette saman, før sendinga.

Pass på å ha klart for deg korleis du vil avslutte, gjerne med ei oppsummering.

Har du tid, informer studio om kva du kan svare på og kva som ikkje er klart eller kjent.

Du *er* der. Det er du som formidlar det som skjer, og dine reaksjonar blir sett og tolka av mange. Du skal framstå roleg og balansert så godt du maktar, men ikke upåvirka. Med både stemme, ansikt og kroppshaldning formidlar du korleis du opplever situasjonen. Er den dramatisk gir du uttrykk for det. Det same gjeld dersom hendinga er litt komisk, men ver svært varsam med humor. Ikkje alle har same humoristiske sans.

Direktesending frå mobil skjer spontant, utløyst av ei hendingar med stor grad av almenn interesse. Stressfaktoren vil ofte vere høg, og det er heilt greit om du er synleg påverka av det som skjer. Skulle du snuble i orda eller få jernteppe eller tabbe deg ut på anna vis er det berre å be om orsaking og starte på nytt.

Du vil ikkje vere den første som gjer det, og slett ikkje den siste.

## **Ei lita påminning til slutt:**

Hendingsreportasjer handlar om å rapportere. Ofte er det berre snakk om eit bilde eller ein enkelt videosnutt og litt om Kva, Kvar og Når. Stundom får ein også med litt Kven og Korleis og kanskje litt Kvifor, men slett ikkje alltid.

Det vi svært ofte møter, og som vi gjerne vil ha til å seie eitkvart, er vanlege folk i ein uvanleg situasjon og utan medietrening. Her har vi ikkje berre ei plikt til å rapportere. Vi pliktar også å ta omsyn. Får vi ei kjensle av at intervjuobjektet ikkje tenkjer klart, eller har vanskar med å formulere seg, eller av annan grunn framstår på eit vis som kan bli belastande for vedkomande bør vi vurdere å slette opptaket utan å publisere.

Alternativt kan vi roe ned, be personen/ane tenke over saka, og formulere spørsmåla på nytt. I eit enkelt tilfelle for mange år sidan intervjuja eg ein fersk ordførar som i sin nervøsitet over å skulle kome på TV ikkje greide å avslutte setningane sine. Eg slo av utstyret, forklarte litt om korleis eit innslag på TV vart laga og kor lite tid ein kunne rekne med å få på lufta, og ba vedkomande tenke over kva som var viktigst i saka. Etter ein liten pause starta eg kameraet på nytt. Ordføraren fekk dermed kome med ein tydeleg, kortfatta respons på ei sak som var viktig for kommunen, og eg fekk det eg trengde til innslaget.

Slikt skal ein sjølvsagt vere varsam med, sidan det er svært fort gjort å påverke intervjuobjekt i ei eller anna retning. Men folk er folk, og alle saman ulike, og ein del av vår jobb er å vere talerør for alle saman.

Det inneber at alle skal handsamast likeverdig, men ikkje nødvendigvis likt. Maktpersonar som forsnakkar seg, t.d. treng vi ikkje ta særleg omsyn til.

Tvert om.

## **... og så eit stort hjartesukk heilt på tampen:**

Norge har i dag mange menneske med betre mobilar enn folkeskikk.

Sjansen er stor for at vi, om og når vi kjem til ein skadestad, bør bruke meir tid på å skildre folk flest sin oppførsel på staden, enn sjølve hendinga.

Jamfør innspelet neste side.

Det er eit av fleire frå politi, ambulanse og brannfolk siste år.



# – Respektløst og mangel på folkevett. Hva «feiler» det folk som filmer en dødsulykke?

Av 20 tilskuere valgte 10 å bruke mobilen til å filme en ulykke der en kvinne ble påkjørt av en lastebil. – Vi trenger et påbud om folkeskikk fremfor et forbud mot deling av bilder, sier politileder.



**Inghild Eriksen**  
@InghildEriksen  
Journalist

Publisert i dag kl. 08:26  
Oppdatert for 3 timer siden

SKUELYSTNE: – Hva skal de med bildene? Dette er jo ikke bilder folk flest har noe behov for å spare på, sier Yngve Widding hos politiet i Tromsø.

FOTO: FABIAN UBEDA/NRK